

Vilkår for leige av Boknatun Allrommet

Ved å reservera via Bokn kommune si bookingløyising, har leigetakar forplikta seg til å følge desse vilkåra for leige:

Før ein tek lokala i bruk

- Eventuelle manglar, skadar og avvik i lokalet før leigeforholdet startar, skal dokumenterast med bilde og meldast på SMS til nummer 98221508 eller på e-post bestille@bokn.kommune.no. Leigetakar er erstatningspliktig for skadar som oppstår under arrangementet, eller skadar som er ikkje er innmelde før ein tek lokala i bruk.
- Oppsett tid for leige av lokalet må følgast. Lokalet kan ikkje takast i bruk før den tildelte leigetida. Tid til klargjering og rydding må reknast inn i leigetida.
- Leigetakar kan ikkje leiga ut allrommet til andre.
- Leigetakar må ha gjort seg kjend med branninstruks.
- Utleigenøkkel skal hentast i servicetorget på Boknatun kl. 08:30 - 15:00, og leverast første kvardag etter arrangementet. Nøkkelen passar også til ytterdør (ved lege/fysioterapeut) og lageret inne på Allrommet.

Under bruk

- Leigetakar er ansvarleg for at lokalet blir forlate i same tilstand som når ein tok det i bruk.
- Bruk av teknisk utstyr og kjøkkenapparat skal skje etter gjeldande instruks.
- Røyking er ikkje tillat inne i lokalet. Røyking utanfor må skje i god avstand frå inngangsparti.

Etter bruk

- Kjøkkenet skal vera rydda og reingjort. Det skal ikkje stå oppvask igjen i vasken.
- Bord skal tørkast av og golv skal moppast med tørrmopp. [Brukte moppar og kjøkkenfiller skal kastast i merka behaldarar. Utstyret står på lageret.](#)
- Sjøppel skal kastast i søppelsekkane på lageret og settast ved sida av kjøkkendøra.
- Bord og stolar skal stå slik som på bildet som heng på kjøkkendøra.
- Sjå til at alle vindauge er lukka, døra er låst og at alle lys blir sløkte før ein forlèt lokalet.

Eventuelle manglar/avvik frå desse vilkåra kan medføra faktura med arbeidstimar som går med til å utføra manglande reinhald/rydding. Dette vil ha ein kostnad pr. time. [Sats for reinhald står oppført i kommunen sitt gebyrregulativ.](#)

For førespurnader utanom ordinær arbeidstid:

Vakttelefon, tlf. 52 75 25 17 (Kvardagar kl. 15:00 - 07:30 samt helg)